

Strategi for spesielle tilskot i jordbrukets kulturlandskap (SMIL) 2026 – 2029 for Sauda kommune



Foto: Elin Tjordan/Sauda kommune

Utarbeidd av Sauda kommune

Vedteken i:

Utval for areal, næring og kultur 03.02.2026, i sak 013/2026

Kommunestyret, 18.02.2026, i sak 009/2026

Innhald

Bakgrunn	3
Overordna føringar	3
Regelverk	3
Proessen	3
Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen	4
Kort om landbruket i Sauda	4
Kort om vassførekomstar i Sauda	4
Kort om kulturlandskapet i Sauda	4
Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar	5
Tilskotssatsar	7
Krav til søknad	8
Frist og handsaming	8

Bakgrunn

Hovudformålet med denne strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søkjar om produksjonstilskot og avløysartilskot til ein ekstra innsats ut over den daglege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med faglag i landbruket, være med på å ta vare på landbrukets kulturlandskap i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbrukspolitikken. Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova og å redusere ureining etter vassforskrifta er framheva som sentrale satsingsområde.

Overordna føringar

Følgjande styringsdokument kan liggja til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Kommuneplan for Sauda kommune, 2019-2031
- Kulturminneplan for Sauda kommune, 2017
- Klimaplan for Sauda kommune 2025-20235
- Regionalplan for landbruket i Rogaland, 2011
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning i Vannregion Rogaland, 2022-2027
- Meld. St. 11 Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitane i jordbruket.
- Meld. St. 14 Natur for livet.
- SEFRAK- registeret (landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne)
- Askeladden (kulturminnedatabase)
- Naturbase (Miljødirektoratet)
- Temakart-Rogaland
- Nasjonalt miljøprogram
- FNs berekraftsmål

Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «*Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» § 1 og § 8.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmyndigheit for alle søknadar på SMIL-tilskot. Statsforvaltaren har mellom anna ansvar for å legge til rette for at kommunane har gode rutinar i si sakshandsaming, handsaming av søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

Prosessten

Administrasjonen i Sauda kommune har utarbeida forslag til ny strategi ettersom tidlegare strategi går ut i 2025. Denne strategien er sendt på høyring til Sauda bondelag, Sauda Sau og Geit, Sauda og Suldal Skogeigarlag, Vassområdekoordinatoren for Ryfylke Vassområde og Statsforvaltaren i Rogaland den 24.01.2025 med høyringsfrist 01.03.2025.

Strategien skal vidare handsamast av utval for areal, næring og kultur og kommunestyret. Strategien har ei tidsramme på 4 år.

Den 4-årige tiltaksstrategien er behandla politisk i kommunen den XX.XX.XXXX.

Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

Kort om landbruket i Sauda

Tal føretak som søker produksjonstilskot ligg på om lag 60 pr. år.

Hovudproduksjon består av: Sau, storfe, mjølkeproduksjon og ammekyr. Ein har produksjon av egg, gris og frukt.

Det som særpregar landbruket i Sauda er tilgang til og nærleik til hei og utmarksbeite, noko som og gjenspeilar seg i den store overvekta av sauedrift.

Tal på mjølkebesetningar har gått ned i frå 6 i 2008 til 2 i 2025. Det er også ein reduksjon elles i storfe. Slaktegrisbesetningane har dei siste åra blitt redusert i frå 9 til 5. Sau er relativt stabilt, men mange har gått over til utegangarsau. Dette er eit utviklingstrekk som er positivt for kulturlandskapet.

Arealet fordelar seg slik: 3573 daa fulldyrka (0,7%), 477 overflatedyrka (0,1%), 4433 daa innmarksbeite (0,8%), 113725 daa skog (20,8%), bygning/samferdsel 4548 daa (0,8%), anna markslag 291 108 (53,3%), ikkje kartlagt 128 681 (23,5%).

Utfordringa ligg i å stimulere og bidra til framleis drift av alle gardsbruk for slik å hindra gjengroing av både innmarks- og utmarksareal samt hindre forfall av stølsområde og eldre bygg som ikkje lenger er ein del av den aktive drifta på gardane.

Kort om vassførekomstar i Sauda

Sauda kommune er ein del av Ryfylke vassområde. Her jobbar kommunane og regionale sektormyndigheitar med tiltaksgjennomføring, overvaking og samarbeidsprosjekt. Føremålet er å betre vassmiljøet. Vann-nett (www.vann-nett.no) er kunnskapsbasen. Her finn ein blant anna informasjon om miljøtilstand, påverknad, gjennomførte tiltak og miljømål for alle vassførekomstar.

Generelt er det lite påverknad frå landbruksureining i Sauda. Kartlegging av vatn og vassdrag syner i grove trekk at Sauda har god kvalitet på vassdraga. Nordelva, Svandalselva og bekken på Austarheim er registrert med moderat tilstand, men berre dei to førstnemnde er basert på nærare undersøkingar. Bekken innover Birkeland er registrert med god tilstand, men er på vippepunktet til moderat. Fleire stader er bekkar lagt i røyr eller kanalisert slik at det biologiske mangfaldet er redusert. Kantvegetasjon manglar fleire stadar.

Ureiningstiltak med direkte innverknad på vassførekomstane med for dårleg økologisk tilstand bør prioriterast før dei med god tilstand. Tiltak for å auke biologisk mangfald bør prioriterast.

Kort om kulturlandskapet i Sauda

I Sauda har det opp gjennom tidene vore omfattande bruk av utmark til jordbruk, skogbruk, låglandsbeite, stølsbruk og fjellbeite, noko som har gjort det meste av areala meir eller mindre kulturpåverka. Graden av påverknad svingar mykje, frå reine gras- eller gran-område til fjellområde der sauebeite fører til endringar i vegetasjonen som kan vere vanskelege å sjå.

Nokre typar kulturlandskap vert drivne og halde i hevd no som før, medan andre er tatt ut av bruk og er i varierende grad på veg tilbake til naturskog.

Kulturlandskapet i Sauda er under press frå hyttebygging, gjengroing og forfall av kulturminne. Dette har negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet og det historiske kulturlandskapet. Ein må difor vere bevisst i forvaltninga av desse ressursane slik at ein bidreg til berekraftig utvikling.

Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar

Det kan gjevast tilskot til kulturlandskapstiltak som ved skjøtsel, vedlikehald og istandsetjing tek vare på natur- og kulturminne verdier i jordbrukets kulturlandskap. Her følgjer nokre aktuelle tiltak:

1. Tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (§4)

Det kan innvilgast tilskot til prosjekt som leier fram til planar for konkrete tiltak som er nemnt i § 5. For å få til ein meir heilheitleg og samordna miljøinnsats, og for å bidra til prosessar som sikrar breiast mogleg involvering og forankring i arbeidet med spesielle miljøtiltak, kan det verte gitt tilskot til planlegging- og tilretteleggingsprosjekt.

Det kan innvilgast eingongstilskot med inntil 100% av godkjent kostnadsgrunnlag.

2. Biologisk mangfald, trua natur, utvalde naturtypar og prioriterte artar

- For særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfald kan det ytast tilskot inntil 100% av godkjent kostnadsgrunnlag. Dette gjeld i hovudsak for utvalde naturtypar som haustingsskog, hole eiker, spesielle «svartelista» planter som parkslirekne mv.
- Bevare livskraftig bestand og leveområde for sjøaure, tilskotsgrunnlag 70%.
- Etablering og stell av kantsoner langs åker, stiar og vassdrag, samt gjenopning av bekker, tilskotsgrunnlag 70%.
- Oppfølging av vassforskrifta, miljøutfordringar i aktuelle vassdrag med tiltaksplan, tilskotsgrunnlag 70%.
- Myr som naturtype er ein trua naturtype, jf. raudlista for naturtypar. Restaurering av myr kan få ein støtte på inntil 70%, prosjektskildring av tiltaket kan få støtte med inntil 100%. Restaurering av myr inneber å tilbakeføre menneskepåverka myr til naturleg tilstand gjennom tetting av grøfter, heving av grunnvasstand og gjeninnføring av myrvegetasjon.

3. Bevara freda og verneverdige bygningar

Stimulering til bruk av gamle og bevaringsverdige bygningar i jordbruket.

- Bygningar med høg verneverdi (SEFRAK A og B). Tilskotsgrunnlag maksimalt 35%.
- Ta vare på bygningar med lokalt særpreg som ikkje gjev grunnlag for inntekt på garden som naust, skogskoier, mjølkekrakkar, kvernhus, buplassar, steingardar, gilar, hustufter, ruinar og andre bevaringsverdige kulturminne. Tilskotsgrunnlag maksimalt 70%.

For bygningar gjeld ordninga berre utvendige tiltak. Det er berre mogleg å gje støtte til restaurering av utvendig vedlikehald, glas og dører. Oppbygging av næringsverksemd vert ikkje støtta. Normalt vedlikehald av bygningar som er i bruk, vert ikkje støtta. Ved vedlikehald kan meirkostnadar med å tilbakeføre bygningen til opphavsleg utsjånad støttast. Det kan ikkje gjevast tilskot til gjenreising av bygg.

4. Friluftsliv

Sauda kommune er ein stor hyttekommune med mange tilreisande som bruker utmarka og fjellområda mykje. Difor har ein i strategien eit tilskotsgrunnlag på maksimalt 50% retta mot friluftsliv. Det kan gis støtte til tiltak i samband med ferdselsårer og turstiar som opparbeiding av turvegar, parkeringsplassar mv. Med det som føremål å fremje ålmenta si oppleving av kulturlandskapet. Det kan også gis støtte til å byggje grindar og gjerdeklyverar for å lette tilkomst og hindre ulemper for gardsdrifta. Tiltak som fører til samanhengande løyper som går på tvers av landbrukseigedommar og som involverer fleire grunneigarar vert prioritert.

5. Avrenning til vatn

Ein har eit tilskotsgrunnlag på maksimalt 70% på tiltak retta mot avrenning til vatn.

Vassførekomastar som i nettsida vann- nett er vist med økologisk tilstand moderat eller dårlegare skal prioriterast. Vidare skal tiltak som vert beskrive i fagrapportar utarbeida i samband med vassforvaltningsarbeid prioriterast. Vassområdekoordinatorar i vassområda Jæren og Ryfylke vassområde og prosjektleiarar i frivillige tiltak i landbruket er viktige samarbeidspartar.

Tiltak i vassdrag krev løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. For lakseførande strekningar er Statsforvaltaren i Rogaland mynde. For andre vassdrag er Rogaland fylkeskommune mynde.

Tilskot til planting av kantsoner langs vassdrag er prioritert tiltak og kan støttast med inntil 70% av kostnaden. Det vert sett som vilkår at det skal brukast stadeigne buskar og tre som med sine blomar er mat for pollinerande insekt.

6. Utslepp til luft og plantevern har begge eit tilskotsgrunnlag på 70%

Tak/dekke til gjødselkummar og gjøsellager med minst 10 månadar lagerkapasitet kan få tilskot på maksimalt 35% tilskot, avgrensa til maksimalt kr 150 000,-. (Statsforvaltaren i Rogaland, brev av 15.01.2024 Tildeling av tilskotsramme for 2024 for SMIL- dreneringstilskot-UKL).

7. Anna: Fjerning av piggtråd

Det kan gjevast tilskot til fjerning av piggtråd. Tilskot skal ikkje overstige 70% av kostnad. Rettleiande sats for tilskot i 2024 er av Statsforvaltaren satt til kr 10 pr. m. gjerde der piggtråden vert fjerna, pluss kr 5 pr. m. gjerde dersom det vert sett opp ny topptråd. Tal meter piggtråd som skal fjernast må målast opp i kart. Ved anmoding om utbetaling må timeliste dokumentere kostnaden.

Tilskotssatsar

Skal ligge til grunn for utmåling av tilskot og ved ev. klage på tilskotssats, må Statsforvaltaren rette seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

Prioritet: Skala frå 0 til 10 (0 har lågaste prioritet og lågast tilskotssats).

Tilskotssats: Høgaste tilskotssats som kommunen kan løyve, og må stå i forhold til prioritet.

	Miljøtema	Prioritet	Tilskotssats-inntil...
Planleggings- og tilretteleggingstiltak		7	100%
Kulturlandskap	Verdifull innmark	9	70%
	Verdifull utmark	9	70%
	Andre tiltak KLSK	8	70%
Biologisk mangfald	Hole eiker	10	100%
	Slåttemark/slåttemyr	10	100%
	Kystlynghei - ikkje relevant	0	0
	Trua naturtypar	10	100%
	Biologisk verdifulle areal	10	100%
	Fjerne framande arter	10	100%
	Andre tiltak BM	10	70%
Kulturminne/ kulturmiljø	Automatisk freda	9	35%
	Verneverdige bygg	9	35%
	Steingjerde ol.	9	70%
	Andre tiltak KM	7	70%
Friluftsliv	Turstiar	9	50%
	Andre tiltak F	9	50%
Avrenning til vann	Hydrotekniske anlegg	7	70%
	Opne lukka bekker	7	70%
	Erosjonssikring	9	70%
	Vegetasjon/kantsone vassdrag	10	70%
	Mot flaum langs vassdrag	9	70%
	Fangdammar – etablering- lite aktuelt	0	0
	Fangdammar – vedlikehald - lite aktuelt	0	0
	Avrenning veksthus- lite aktuelt	0	0
	Leggje om erosjonsutsett areal	7	70%
	Miljøplantningar	9	70%
	Andre tiltak vann	8	70%
Utslepp til luft	Tak gjødsellager	9	70%
	Andre tiltak utslepp	8	70%
Plantevern	Biobed – lite aktuelt	0	0
	Andre tiltak PVM	8	70%

Krav til søknad

Tiltaka som vert søkte om skal ikkje vere påbegynt.

Søknader skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/Altinn.

Som vedlegg til søknad skal ein leggje ved kart og foto av dagens situasjon, evt. gamle foto som syner korleis det såg ut før behov for tiltak, teikning og/ eller skildring av plan for arbeidet samt eit kostnadsoverslag. Kostnadsoverslaget skal vere basert på innhenta tilbod eller standard prisar. Det vert berre gitt tilskott til kostnadar eks. moms.

Tilskot vert tildelt etter kalkyle og vert utbetalt etter dokumenterte kostnadar. For eigeninnsats må det førast timelister.

Rettleiande satsar for eige arbeid/utstyr	
Eige arbeid	350 kr/time
Eige arbeid m/ motorsag/ryddesag	425 kr/time
Førar + traktor/ATV med reiskap	500 kr/time
Person + gravemaskin	1 000 kr/time

Frist og handsaming

- Det er to søknadsfristar i året: 01.mai og 01.oktober.
- Søknadane vert handsama etter at søknadsfristen er gått ut
- Frist for gjennomføring av tiltak blir normalt sett til 3 år. Fristen kan forlengjast med inntil 2 år.
- Kommunen gjer enkeltvedtak i kvar søknad. Vedtaket kan på klagast etter forvaltningslova.
- Informasjon frå Landbruksdirektoratet og søknadsskjema finn du her: [Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\) - Landbruksdirektoratet](#).